

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad / tidspunkt : Herand Kulturhus 07.10.14 kl.19.00-21.30

Sak 1. Godkjenning av sakliste og referat frå sist styremøte 16.09.14.

Hjartestartar er kjøpt og komen på plass i Herand Kulturhus.

Herand Bygdelag set stor pris på at Herand Pensjonistlag har investert i ein hjartestartar.

Me vil samarbeida med Ambulansetenesta om plassering og kurs i å bruka det livreddande apparatet.

Sak 2. Båtbyggarmusèet.

Dan Danielsen har sendt ein søknad til Stiftelsen Hardingbanken på kr.35.000,- for å koma i mål med finansiering av nytt tak til Båtbyggarmusèet.

Sak 3. Nytt kjøken.

Styret er samde om å gå for eitt av dei tre alternativa som kjøkengruppa la fram på bygdekafèmøte 07.09.14: Halve, "gamlekjøkenet" / sløydsalen vert omgjort til nytt kjøken i framtida. Kjøkengruppa jobbar jamt og trutt vidare med saken. Dersom nokon vil koma med innspel, kan dei ta kontakt med ein av medlemene i kjøkengruppa.

Sak 4. Evaluering av haustmarknaden:

Mindre folk enn i fjor. Omlag 200 personar var innom. Harmonisk stemning. Det verka som dei som vitja oss, koste seg. Me selde 110 komlebilletter.

Takk til alle som møtte opp! Og takk til alle som gjorde ein kjempeinnsats, og bidrog med god hjelp på førehand, og på sjølve dagen! Utan så mange frivillige, hadde me ikkje klart å gjennomføra eit så stort arrangement! Ei serskild takk til ungdomane som kokte kaffi og hjalp til i kafèen, og til ungane som styrde leikebutikken under trappa!

På årsmøte i 2015 ynskjer me at bygdefolket kan koma med forslag om ein "ny vri" på neste års haustmarknad.

Sak 5. Skifte av kasserar. Faktureringsprogram.

Gunnar Dalseth overtek kasserarjobben i Bygdelaget frå 01.01.15. I ein overgangsperiode resten av dette året, vil han samarbeida med noverande kasserar Gerd Ingeborg Haugen. Dei møter på neste styremøte 11.november. Dei finn ilag ut kva faktureringsprogram som er aktuelt å kjøpa inn.

Sak 6. Førebuing til basaren.

Fordeling av ansvar for å spørja etter gevinstar på bok og til åresal.

Sak 7. Eventuelt.

Bygdelaget får kr.500,- frå Husflidskroken som takk for at me reklamerte for dei i høve til haustmarknaden.

Bygdelaget vil halda fram med å gje nyinnflyttarar ei blomegåve, pluss eit årsabonnement på Herand Bygdeblad.

Skrivar : Marta Bergstø